


**GULEN KOMMUNE**



# **PLAN FOR VILTFORVALTNINGA I GULEN 2008 - 2012**



1. INNLEIING .....	3
Viltlova .....	3
Ansvar .....	3
2. STATUS .....	3
Vald .....	3
Teljande areal .....	3
Minsteareal .....	4
Utvida jakt .....	4
Fellingsprosent på hjortevilt i perioden 2003 – 2007 låg på 82,4 % .....	4
Historisk oversikt over felte hjortedyr frå 1990 -2007 .....	5
Vårteljing .....	5
Notat om vårteljing .....	6
Hjorteviltregisteret <a href="http://www.hjortevilt.no">www.hjortevilt.no</a> .....	6
Sett-hjort .....	7
Sett-hjort sum .....	7
Indeksrapport hjort .....	7
Slaktevekter .....	8
Viltkartlegging .....	8
I 2006 fekk Gulen kommune ferdig viltkartlegginga .....	8
3. MÅL FOR PERIODEN 2008 – 2012 .....	9
Bestandsplan og fellingsløyve .....	9
Målretta avskyting .....	9
Bestandsutvikling siste åra .....	10
Driftsplanområder .....	11
4. VERKEMIDDEL – ULIKE DELMÅL .....	12
Forvaltning etter viltlova, forskrifter og rundskriv tilpassa mål for Gulen kommune .....	12
Bestandsplanar .....	12
Storvald .....	12
Målretta avskyting .....	12
Reduksjon eller null vekst i bestanden .....	13
Merkeprosjekt - Registrering av bestand .....	13
Oppstart av Merkeprosjekt som dekkar Sogn sør for Sognefjorden og Hordaland .....	13
Gulen kommune er invitert til å vere med i dette Merkeprosjektet, som får oppstart i siste halvdel av 2008.	
Først skal prosjektet ut på høyring i mars/april 2008 .....	13
Forprosjektet er ikkje ferdig utarbeidd enno, men vil i hovudsak innhalde; .....	13
Moment for mogeleg hovudprosjekt .....	13
Verdi for kommunen, valda, jaktfelte .....	14
Kostar hjorten meir enn han smakar? .....	14
Hjorten er eit selektivt beitedyr, som plukkar det beste i bonden si eng. Den føretrekkjer fersk timotei, og aller helst spissane av dei yngste og finaste blada. Resten står att til bonden sine husdyr, som betyr ei redusert avling, både i mengde og kvalitet .....	14
Beiteskader på skog .....	14
5. VILTFONDET .....	14
Kommunalt Viltfond .....	14
Bruk av viltfondet i perioden 2002 -2007 .....	15
6. SAMARBEID .....	15
Gulen Hjorteutval .....	15
Gulen jeger- og sportsfiskarlag .....	15
Gulen Eittersøkslag .....	15
Lensmannen i Gulen .....	15
Sunnfjord og Sogn viltråd .....	15
7. YMSE .....	16
Trafikkskada hjort .....	16
Rekruttering av nye Jegerar .....	16
Jaktetikk .....	16
Jaktutøving - krav .....	16
Reaksjon på uforsvaleg jaktutøving .....	16
Kunnskap .....	16
Info .....	16

## 1. INNLEIING

Gulen kommune utarbeidd 5-årig Viltplan for hjortevilt for perioden 2002 – 2007. Denne planen vert no revidert og skal gjelde for 5 nye år for perioden 2008 – 2012. Viltplanen skal vere eit verkty for kommunen sin saksbehandling og mål for viltforvaltninga.

### Viltlova

§ 1. Viltet og viltet sitt leveområde skal forvaltast slik at naturen sin produktivitet og artsriksdom vert teken vare på. Innafor den ramma kan viltproduksjonen haustast til gode for landbruksnæringa og friluftslivet.

§ 2. Med vilt meiner ein i denne lova alle villevande landpattedyr og fuglar, amfibiar og krypdyr.

§ 3. Alt vilt er freda med mindre anna føl av lov eller vedtak med heimel i lov.

§ 7. Omsynet til viltinteressene skal innarbeidast i oversiktsplanlegginga etter plan – og bygningslova i kommunen.

Viltlova sine formålsparagrafar set ramme for all viltforvaltning.

For å tilpasse viltforvaltninga til nye utfordringar og mål, vedtok Stortinget endringar i viltlova 30. juni 2000. Dei nye utfordringane er særleg knytt til fleksibilitet, effektivitet og lokal forankring. Lovendringane betyr lovfesta overføring av ansvar og verkemiddel til kommunen, spesielt i forvaltninga av hjortevilt.

### Ansvar

Kommunen har overteke ansvar og myndigheit frå fylkesmannen og jaktrettshavarane har fått større ansvar for det praktiske forvaltningsarbeidet. Dei statlege reguleringane er ikkje så detaljerte som tidlegare og jaktrettshavar si rettssikkerheit er styrka.

Fylkesmannen si rolle er å vere instans for rettstryggleik og rettleiar. Klagehandsaming av kommunale vedtak vil sikre lik og korrekt handsaming. Kompetanse, både i form av kunnskap og vilje, er avgjerande for å lukkast i den lokale forvaltninga. Ei lokalt tilpassa viltforvaltning kan føre til ulik praksis i kommunane.

## 2. STATUS

### Vald

Tal vald har variert frå 79 til 49 i perioden år 2000 – 2007

Gulen kommune har godkjent 3 Storvald pr 31.12.07

### Teljande areal

Godkjent teljande areal i kommunen var fram til år 2003 rekna til 482281 da. Dette arealet vart målt opp av fylkesmannen i 1992. Arealet er justert til 495401 da

Som teljande areal vert rekna;

<u>Øyar</u>	50 – 100 da	250 m frå hovuddelen av valdet
	100 – 500 da	500 m frå hovuddelen av valdet
	500 – 1000 da	1000 m frå hovuddelen av valdet

Ferskvatn Ferskvatn under 50 dekar vert teke med som teljande areal.

Dyrka areal Alt dyrka areal vert rekna som teljande areal

Meter over havet Areal opptil 600 moh er godkjent som teljande areal.

## Minsteareal


Våren 2002 vart det i forskrifta, Forvaltning av hjortevilt og bever, fastsett eit største fråvik på minstearealet på 50%. Kommunen fekk mynde til å utarbeide forskrift med nytt minsteareal. Minstearealet i kommunen vart i saknr.0018/03, i hovudutvalet for Plan- og utvikling vedteke til **1000 da** for heile kommunen. Det vert no utarbeidd forslag til nytt minsteareal på **500 da** i indre deler av kommunen, Indre og Ytre Oppedal

## Utvida jakt

I den siste forskrifta om jakt- og fangsttider av 1.april 2007 fekk Fylkesmannen delegert mynde til å utvide jakttida. Gulen kommune fekk jakttida forlenga med 14 dagar i tilknytning til ordinær jakt i ein 5 års periode 2007 – 2011. Dato for hjortejakta er frå 10.09 – 30.11.


## Fellingsprosent på hjortevilt i perioden 2003 – 2007 låg på 82,4 %

År	Tildelt kalv	Til delt ho	Til delt hann	Til delt totalt	Felt hann > 2 år	Felt hann 1 ½ år	Felt hann kalv	Felt ho >2 år	Felt ho 1 ½ år	Felt ho-kalv	Felt sum	Da /dyr	Fell ings %
2003	95	199	212	506	98	80	28	101	63	34	404	1226	79,8
2004	98	204	204	506	86	64	44	100	76	32	402	1232	79,4
2005	101	215	204	520	98	75	45	99	76	40	433	1144	83,2
2006	110	205	202	517	95	70	42	87	78	39	411	1205	79,4
2007	108	201	207	516	94	84	44	113	81	50	466	1063	90,3



NB Felte dyr 2007 skal vere 266

## Historisk oversikt over felte hjortedyr frå 1990 -2007



## Vårteljing

Gulen kommune har hatt vårteljing i 8 år. Dette arbeidet vart oppstarta i 2000. Vårteljing som metode kan gjennomførast ved bruk av personar som dekkjer store geografiske område. Dette gir fordelar knytt til at registreringane blir gjort likt mellom år noko som er ein fordel for kvaliteten på det innsamla materialet.

- Teljingane er gjennomført med 3 årlige gjentak.
- Teljingane blir gjennomført med felles oppstart frå kl 23 kvar av dei aktuelle kveldane.
- Det er sett opp teljeruter langs veg totalt 11 kjøreruter som fordeler seg geografisk til god dekning av kommunen samla sett.
- Teljerutene er faste, det blir for kvart gjentak kjørt 257 km fordelt på 11 kjøreruter.
- Teljemannskapet fører observasjonar for ulike innmarksteigar i kjøreruta, og summerer observasjonstala for kvar gjennomføring
- Det er laga standardisert teljeskjema til bruk for teljemannskapet
- Teljeskjema inneheld rubrikk for grov spesifikasjon av kjønn og alder, kalv, kolle, bukk, samt ukjent.

## Notat om vårteljning

Gulen kommune kjøpte i 2005 ein gjennomgong, samanstilling og rapportering av vårteljningsresultata som er samla inn, samt evt. tilrådingar om endringar av metode frå Norsk Hjortesenter v/Arve Aarhus.

Tilrådingane var i hovudsak at vårteljninga blir endra på følgjande punkt i høve til dagens modell:

- Auka tal gjentak til å bli minst 4 årlige gjentak – helst fleire
- Auka fokus på kjønns og aldersregistrering.

Samla resultat for vårteljning	År 2000	År 2001	År 2002	År 2003	År 2004	År 2005	År 2006	År 2007
av hjort over 5 år	8, 14, 29, april	20, 27, 4 april/mai	7, 21, 28 april	6, 13, 27 april	2, 16, 30 april	1, 15 29 april	31,12,28 april	30,13,27 april
1 Indre Oppedal Kringla	268	249	225	244	284	325	222	300
2 Takle Brekke Ynnesdal	70	115	55	62	101	152	60	110
3 Hantveit Austg Botnen	85	118	85	102	116	104	55	167
4 Breidvik Hjartholm	46	47	39	43	56	92	69	61
5 Eivindvik Nordg Brosvik	111	207	145	185	167	176	174	162
6 Brosvik Dingja	111	123	104	84	131	156	122	139
7 Leversund Høyvik	71	140	95	62	86	74	65	67
8 Sæternes Halsvik	313	538	258	254	241	299	229	329
9 Sandøy	251	269	132	88	30	60	71	86
10 Byrknesøy Mjømna	0	14	5	14	12	18	4	20
11 Hisarøy	39	22	62	21	32	37	11	34

## Hjorteviltregisteret [www.hjortevilt.no](http://www.hjortevilt.no)

Hjorteviltregisteret ivaretek data frå jakt på hjortevilt og data om registrert irregulær avgang av utvalde viltartar. NINA naturdata driver Hjorteviltregisteret etter avtale med Direktoratet for naturforvaltning. Tilgangen til informasjonen i registeret er open for alle.

Kommunane har ansvaret for at data blir registrert og at innlagte data er tilstrekkelig kvalitetssikra. Forskingsinstitusjonar, universitet og høgskolar kan også nytte data i registeret, og kan gis tilgang til å registrere egne data eller registrere data for kommunane..

Hjorteviltregisteret kan brukast som et saksbehandlingsverktøy for kommunane med sikte på lagring av vald- og jaktfeltopplysningar, ta vare på statistikk samt utskrivning av fellingsløyve og fellingsrapporter. Frå og med jaktåret 2007/2008 kan kommunane også bruke Hjorteviltregisteret til å rapportere jaktstatistikk og irregulær avgang av vilt til Statistisk sentralbyrå.

Bestandsovervakingsprogrammet for hjortevilt rapporterer sine resultat gjennom Hjorteviltregisteret. Du kan søke på data frå dette programmet under innsyn for jaktmateriale.

### Dei dataseriane som vert lagra i Hjorteviltregisteret er:

- Vald- og jaktfeltregister
- Sett hjort
- Sett rovdyr (inngår som egne rubrikkar på sett elg- og sett hjort-skjema.
- Jaktmateriale frå skutte dyr (slaktevekt, alder m.m.)
- Fellingsløyve og fellingsrapporter (elg, hjort, rådyr, bever og villrein)
- Irregulær avgang av utvalgte viltarter (elg, hjort, rådyr, villrein, , bever, oter, , rev, mårhund, hønsehauk, kongeørn og havørn mm).

### **Sett-hjort**

Gulen kommune har nytta Sett-hjort registrering sidan 2003. Jegerane har fylt ut eit skjema under jakt der ein noterer jaktinnsats (tal timar og tal jegerar), fordeling av observerte og skotne dyr, samt nøyaktig slaktevekt. Ut frå innsamla materiale kan ein rekne ut ulike indeksar for ulike parameter. Endringane av desse indeksane over tid, gjev eit svar på utviklinga av bestandane.


### **Sett-hjort sum**

År	Jaktinnsats				Sette dyr i antall					Skutte dyr i antall					Sum	
	Jakt dager	Jeger dagsverk	Timer jaktet	Spiss bukk	Bukk	Kolle	Kalv	Ukjent	Hannkalv	Hunnkalv	Bukk 1½ år	Kolle 1½ år	Bukk 2½ år og eldre	Kolle 2½ år og eldre		
2003	909	1916	3725	234	416	1106	576	491	2823	25	27	69	54	80	86	341
2004	843	1875	3447	276	438	1145	650	420	2929	37	27	51	58	69	83	325
2005	895	1895	3706	284	577	1318	751	666	3596	34	33	59	59	79	74	338
2006	997	2348	3877	386	758	1463	877	670	4154	43	37	66	72	92	85	395
2007	898	1958	3540	369	677	1450	757	597	3850	42	48	75	75	92	108	440
sum 5 år	4542	9992	18295	1549	2866	6482	3611	2844	17352	181	172	320	318	412	436	1839

### **Indeksrapport hjort**

År	Sett hjort per jegerdagsverk	Sett kolle per bukk	Sett kalv per kolle	% bukk felt av sett bukk	% kalv felt sette kalv	% koller felt av sette koller	Antall skjema
2003	1,47	1,70	0,52	22,92	9,03	12,66	106
2004	1,56	1,60	0,57	16,81	9,85	12,31	88
2005	1,90	1,53	0,57	16,03	8,92	10,09	71
2006	1,77	1,28	0,60	13,81	9,12	10,73	76
2007	1,97	1,39	0,52	15,97	11,89	12,62	76
per 5 år	1,74	1,47	0,56	16,58	9,78	11,63	417

## Slaktevechter



## Viltkartlegging

Ein av målsettingane med viltplanen er at viltinteressene skal bli vurderte og tekne omsyn til i all arealplanlegging som grip inn i viltet sitt leveområde. For å kunne oppfylle Viltlova §7, er det krav til solid kunnskap om viltet i det aktuelle planområde.

### I 2006 fekk Gulen kommune ferdig viltkartlegginga

Gulen kommune har som første kommunen i Sogn og Fjordane gjennomført Viltkartlegginga. Målet med kartlegginga har vore å gje kommunen ei oppdatert oversikt over viktige viltområde til bruk i arealforvaltninga.

Viltkartet omfattar alle viltartar i høve til det utvida viltomgrepet: Alle førekomande artar innan gruppene amfibiar, krypdyr, fugl og pattedyr. Det er lagt spesiell vekt på artar med økonomisk og rekreativ verdi (først og fremst hjortevilt), truga- og sårbare artar



(raudlisteartar), område som er viktige for enkelte artar eller artsgrupper og område som er spesielt artsrike. Det er kartfesta totalt 130 viltområde i Gulen.

Kartverket inneheld fire kart: Eit hjorteviltkart, eit småviltkart, eit kart med opplysningar unnateke offentlegheit og eit kart over prioriterte viltområde (viktige- og svært viktige viltområde).

Seks område i Gulen er avmerka som svært viktige viltområde og 13 som viktige. I tillegg er det kartfesta 14 trekkvegar for hjort, samt 7 vinterbeiteområde. Det er registrert 150 viltartar i kommunen: 2 amfibium, 1 krypdyrart, 121 fugleartar og 26 pattedyrartar.

Gjennom supplerande feltundersøkingar og opplysningar frå lokalkjende, vonar ein at kartverket over tid kan bli både meir presist og meir komplett.

### 3. MÅL FOR PERIODEN 2008 – 2012

#### **Bestandsplan og fellingsløyve**

Kommunen har fått myndigheit til å godkjenne fleirårige, maks. 5-årige bestandsplanar.

Kommunen skal stimulere og legge til rette for jaktrettshavarane si bestandsplanlegging. Ein bestandsplan skal innehalde mål for bestandsutviklinga og plan for den årlege avskytinga.

Planen skal også ta omsyn til offentlege målsetjingar.

#### **Målretta avskyting**

Dersom jaktrettshavarane ikkje organiserer seg i storvald og sender inn søknader om bestandsplanar, vil tildelinga av hjorteløyve gjerast etter § 15 i forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever.

I forskrifta står det ”*Som alternativ til bestemmelsen i § 14 kan kommunen pålegge målretta avskyting ved å fordele fellingskvoten på eit bestemt tal av definerte kjønns- og aldersgrupper.*”

*a) Kalv ( 1/2 år), voksne hodyr (1 1/2 år og eldre), voksne hanndyr (1 1/2 år og eldre)*

*b) Kalv ( 1/2 år), voksne hanndyr (1 1/2 år og eldre), frie dyr.*


Kommunen har i planperioden 2002 - 2007 valt §15 a) som avskytingsmodellen, og ynskjer å forsette med same avskytingsmodell i den komande planperioden 2008 – 2012,

Målsetjinga til kommunen,


Kalv ( 1/2 år) - 20%, voksne hodyr (1 1/2 år og eldre) - 40%, voksne hanndyr (1 1/2 år og eldre) - 40%.

## Bestandsutvikling siste åra

Frå Fagrapport Hjorten i Gulen 2006



Figur 2. Antall tildelte og felte dyr i perioden 1986-2005 i Gulen kommune.



Figur 3. Registrert avgang av hjort (fallvilt) i Gulen kommune.



## **4. VERKEMIDDEL – ULIKE DELMÅL**

**Forvaltning etter viltlova, forskrifter og rundskriv tilpassa mål for Gulen kommune.**

### **Bestandsplanar**

I forskrift for forvaltning av hjortevilt og bever § 14 står det at kommunen skal stimulere og legge til rette for jaktrettshavar sin bestandsplanlegging.

Kommunen kan godkjenne ein fleirårig avtale, maks 5 årig bestandsplan for vald godkjent for jakt etter hjort. Ein slik plan skal innehalde målsetting for bestandsutvikling og plan for årleg avskyting i tal, fordelt på alder og kjønn. Bestandsplanen skal ta omsyn til offentlege målsettingar for å bli godkjent.

**Ei nedre arealgrense for at eit vald skal få godkjent bestandsplaner i Gulen kommune bør vere 20 000 da. Valdet vert då omtala som Storvald.** Denne arealgrensa er behandla politisk. Pr i dag har Gulen 3 vald i denne storleiken. Ein indirekte konsekvens vil då bli færre og større vald. Med eit minsteareal på 1000 da og maks bruk av 50% regelen vil ein kunne godkjenne ein bestandsplan på 30 dyr i eit slikt vald.

### **Storvald**

Kommunen ynskjer fleire Storvald. Hausten 2008 er truleg eit nytt Storvald godkjent – Ytre Gulen Hjortevald. Valdet omfattar øyane Byrknesøy, Mjømna og Sandøy. Driftsplanområde 2, 4 og deler av område 3 har då etablert Storvald.

### **Målretta avskyting**

I Fagrapportnr.4, for Gulen kommunen, vart det anbefalt å vurdere slik avskytingsstrategi framover:

**Antatt bestandsstorleik før jakt 06 er 2300 individ**

**Null vekst - Uttak år 1. 412, år 2. 415**

Kjønnsnøytral eller liten overvekt av hanndyr dersom ein har som mål om nullvekst i bestanden

**Reduksjon - Uttak år 1. 451, år 2. 445**

Kjønnsnøytral eller liten overvekt av hodyr i uttak dersom ein har som mål om reduksjon i bestanden

**Vekst i bestanden - Uttak år 1. 384 år, 2. 393**

Kjønnsnøytral eller liten vekt overvekt av hanndyr dersom ein har mål om liten vekst i bestanden

Tabell 3. Alternativ avskyting i forhold til bestandsmål og avskytingsmønster. Tallene er retningsgivende med feilmargin på ca ± 30 dyr.

Mål/År	Avskyting	0	1	2	3	4	5
Reduksjon	Dagens	451	445	437	428	419	409
	Ny	451	446	439	432	423	415
Null vekst	Dagens	412	415	415	414	413	411
	Ny	416	419	420	419	418	416
Liten vekst	Dagens	384	393	398	403	406	409
	Ny	384	393	400	405	410	414

### Reduksjon eller null vekst i bestanden

Siste året, hausten 2007 var avskytinga 466 dyr, og det vil etter modellen i Fagrapporten føre til sterk reduksjon i bestanden. Særleg i Indre deler av kommune er hjortestamma i vekst og det er eit ynskje med ei større avskyting for å få ei sunn hjortestamme og ”spare på innmarksareala” og unngå for store feieskader på skogen. Den store auken i felte dyr for 2007 har grunnlag i både utvida jakt og vekst i hjortestammen. Det er viktig å følgje med utviklinga til hjortestammen gjennom dei ulike registreringstiltaka ein har i dag

### Merkeprosjekt - Registrering av bestand

Hjorteforvaltninga har i mange år vore nedprioritert med tanke på forskning og det å utvikle tenlege forvaltningsverky. Når ein skal forvalte hjorten etter bestandsplanar på lokalplanet, treng ein meir handfast lokalinformasjon. Ei målretta bestandsstyring utan gode overvåkingsverky er vanskeleg å sjå føre seg. I plansamanheng er det viktig å ha verky som kan kontrollere og etterprøve nedfelte mål.

### Oppstart av Merkeprosjekt som dekkar Sogn sør for Sognefjorden og Hordaland

Gulen kommune er invitert til å vere med i dette Merkeprosjektet, som får oppstart i siste halvdel av 2008. Først skal prosjektet ut på høyring i mars/april 2008  
Forprosjektet er ikkje ferdig utarbeidd enno, men vil i hovudsak innhalde;

### Moment for moglege hovudprosjekt.

- Sterkt kunnskapsfokus kring lokal hjorteforvaltning.
- Stor interesse og breitt folkeleg engasjement knytt til hjorten.
- Viktig med god kunnskapsbase for avgjerd og praktiske tiltak.
- Teknologien kring merking av hjort er meir tilgjengeleg nå enn før, både teknisk og økonomisk.
- Bioforsk vert prosjekteigar og stiller med prosjektleiar for satsinga.
- Det er naturleg å ta inn ein utviklingsdel i merkeprosjektet, som fangar opp andre moment enn berre arealbruk/trekkmonster.
- Forprosjektet sitt mål er å leggje til rette for eit hovudprosjekt, tilpassa regionen sine ønskje og problemstillingar.
- Første merkeår i hovudprosjektet er tenkt 2008/2009.
- Arbeidsgruppa bør vere samansett av representantar frå både kommunane og grunneigarane, for å setje ljøs på ulike innfallsvinklar/problemstillingar.
- Målet er å få stor oppslutning om hovudprosjektet, og at det vert merkt dyr i alle involverte kommunar.
- Naturleg å byggje på prinsippet om at kommunane som deltek sterkast økonomisk, får merkt flest dyr (innsatsen speglar utbyttet).

- Utgangspunktet er at hovudprosjektet varer fem år, inkludert forarbeid, fire merkesesongar og rapportering.

### **Verdi for kommunen, valda, jaktfelta**

Må vere realistiske i høve til bruks- og nytteverdi og kor raskt infoen kan takast i bruk. Erfaringar viser at resultatata dannar eit relevant og praktisk grunnlag for lokal bruk .

Kor mange dyr skal merkast. Bør ein ha både Gps merking og øyremerke

Merkeprosjektet bør og innehalde desse registreringane av merkte dyr;

- Kjevar, gevir, blodprøvar (helsetilstand), flåttplager m.m

Viktig at informasjon kan nå ned til det enkelte driftsplanområde/Storvald,

### **Kostar hjorten meir enn han smakar?**

Gulen kommune har støtta prosjektet ”Kostar hjorten meir enn han smakar?” med viltfondsmidlar sidan 2002. Bioforsk Vest Fureneset utviklar metodar som skal berekne inntekter og utgifter for den enkelte grunneigar. Dette skal gjere det lettare å fordele inntekter/utgifter innan det enkelte hjortevald.

Hausten 2007arbeidde Bioforsk med å justere metodikken som dannar grunnlaget for det tilhøyrande dataverktøyet. Det vil venteleg vere klart for bruk frå 2008/2009.

Hjorten er eit selektivt beitedyr, som plukkar det beste i bonden si eng. Den føretrekkjer fersk timotei, og aller helst spissane av dei yngste og finaste blada. Resten står att til bonden sine husdyr, som betyr ei redusert avling, både i mengde og kvalitet.

### **Beiteskader på skog**

Norsk Hjortesenter har utarbeidd metodikk for registrering og taksering av hjorteskader på gran i hogstklasse 3 og 4. Tal uskadde tre før og etter skadetidspunkt, er grunnlaget for vurdering av bestanden sin verdiutvikling. Desse tala dannar grunnlag for berekning av verdidifferansen før og etter skade.

## **5. VILTFONDET**

### **Kommunalt Viltfond**

Ved omlegging av forvaltningsnivåa og overføring av oppgåver og myndigheit til kommunane pr. 01.01.01, blei det kommunale viltfondet oppretta.

Gulen kommune har utarbeidd eigne retningslinjer for kommunalt viltfond, som bygger på forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for hjort. Ein må rekne med etterspurnad frå ulike aktørar og til mange ulike føremål.

Skal ein oppnå ønska effekt av viltfondet, må innsatsen vere systematisk og målretta. Det er difor viktig av vi prioriterer innsatsen gjennom planar og tiltak som lokalt er viktige.

Prioriterte satsingsområde i perioden 2008 –2012;

- Auke kunnskapen om viltet i alle lokale ledd
- Utvikle forvaltningsverky som kan bidra til ei best mogeleg forvaltning av viltressursane
- Stimulere til betre grunneigarorganisering basert på felles forvaltningspolitikk og driftsplanar.
- Redusere omfanget av skade på innmark og særleg utsette produksjonar.(erstattar ikkje avlingstap)
- Tildeling til enkeltpersonar, foreiningar, organisasjonar, kommunen, interkommunale tiltak eller samarbeidsprosjekt.

## **Bruk av viltfondet i perioden 2002 -2007**

### Inntekter:

- Fellingsavgift
- Tilskot frå fylkesmannen
- Sal av hjortekjøtt

### Utgifter

- Kostar hjorten meir enn den smakar i perioden, beitefeltregistreringar v/Bioforsk
- Bistand kommunal hjorteforvaltning v/ Hjortesenteret
- Driftsstøtte til Storvalda
- Driftsstøtte til Gulen Hjorteutval
- Tilskott og løn/reiseutgifter til Gulen Ettersøkslag
- Refusjon til Lensmannen i samband med viltoppsyn
- Innkjøpt Projektor og Pc. Primært til bruk ved jegeropplæring
- Utgifter løn/reise ved vårteljning hjort
- Viltkartlegging
- Lyskastarar m.m

## **6. SAMARBEID**

Skal ein få til ei god viltforvaltning og oppnå dei delmåla ein har for perioden 2007 – 2012 er det viktig å samarbeide med alle aktørane som har interesse for og nytte av viltet.

### **Gulen Hjorteutval**

Hjorteutvalet vart skipa i mars i 2002. Dette er ein friviljug organisasjon for grunneigarar og jaktrettshavarar i Gulen som har som formål å utvikle ein rasjonell organisasjon som kan ivareta grunneigarane og jaktrettshavarane sine interesser i samband med hjorteforvaltninga og arbeide for at jaktpotensiale kjem eit rimeleg tal jegerar til gode.

### **Gulen jeger- og sportsfiskarlag**

Gulen jeger- og sportsfiskarlag representerer jegerane i kommunen og deira interesser. Jegerforiningen har i samarbeid med Brekke/Oppedal skyttarlag opplæring av nye jegerar – obligatoriske kurs. Gulen kommune er ansvarleg e for å avvikle Jegerprøveeksamen.

### **Gulen Ettersøkslag**

Ettersøkslaget er eit lag for godkjende ettersøksekvipasjar. Gulen Ettersøkslag har avtale med viltforvaltninga i kommunen om ettersøk av påskotne dyr, påkøyrd vilt, fjerning av kadaver frå kommunen sine eigedommar, slakting og oppbevaring av vilt.

### **Lensmannen i Gulen**

Viltforvaltninga i kommunen har samarbeid med Lensmannen i Gulen om jaktoppsyn. Jaktoppsynet bør intensiverast i enkelte områder av Gulen, der det er kome tilbakemelding om tjuvjakt, skadeskyting utan tilbakemelding om ettersøk og andre tilfelle av ulovleg jakt.

### **Sunnfjord og Sogn viltråd.**

Gulen kommune har samarbeid med Sunnfjord viltråd, som er eit samarbeidsråd for dei kommunale viltadministrasjonane i Sunnfjord og Sogn, som har som mål å fremje ei god og framtidretta hjorteforvaltning og samarbeide om felles viltoppgåver.

## 7. YMSE

### Trafikkskada hjort

Arbeide vidare med å få ned tal trafikkskadd hjortevilt. Kommunen har over tid arbeidd med å få opp fareskilt på fleire vegstrekningar i Gulen, der hjortekryssinga er størst. Vegkontoret har saka.

### Rekruttering av nye Jegerar

Det er viktig å få rekruttert nye jegerar, for å sikre forvaltninga og avskytinga av hjortestammen på ein god måte. Det bør settast inn rekrutteringstiltak i form av temadagar på skule, infomøte og aktivitetsdagar på skytebane. Aktuelle aktørar her er Gulen Jeger og sportsfiskarlag, Skyttarlaga, Gulen Hjorteutval, Valda og Gulen kommune.

### Jaktetikk

Dei fleste spørsmåla viltansvarleg får under jakta, har samanheng med jaktetikk. Ein finn svar på det aller meste i viltlova og forskrifter. Eit godt råd er at grunneigarar, jegerar, turgåarar, mfl. snakkar saman. I dei fleste høva let ”problema” seg løyse der og då, bruk vanleg god folkeskikk. Ålmenta skal ha høve til å ferdast i utmarka i jakttida, utan at dette skal føre til konflikhtar.

### Jaktutøving - krav

Påskotne dyr skal alltid reknast som felte eller såra inntil det motsette er avklart. I forskrifta om utøving av jakt og fangst § 27, står det at det er ei **plikt** å ettersøke vilt som vert skadeskote og sørgje for ei rask og effektiv avliving slik at dyret slepp unødige lidingar. Jeger skal **alltid** opptre sikkert under jakta. Under jakt skal jegeren ha med godkjent jegeravgiftskort og våpenkort, attestert skyteprøve for hjort og godkjent dokumentasjon for ettersøksavtale. Den som leiger ut jakta skal forvise seg om at jegeravgifta er betalt.

### Reaksjon på uforsvaleg jaktutøving

Det er særleg to former for lovbrøt som kommunen bør reagere på. Dette gjeld uforsvarleg jaktutøving ( sikkerheit og dyrevern) og felling av dyr utover lovlege kvotar. Felling av dyr utover lovleg kvotar kan ha ei form av krypskyting i organiserte former med vinningsmotiv. Kommune bør her ta kontakt med fylkesmannen og politiet eller Statens naturoppsyn for å få til eit målretta samarbeid.

### Kunnskap

Det er krav til kunnskap om forvaltning, samt jaktutøving av hjorteviltet. Kunnskapen bør vere på alle nivå, valdansvarleg, jaktrettshavar, jeger og på kommunalt nivå. Kvar enkelt har ansvar for å tileigne seg denne kunnskapen.

### Info

Skal ein oppnå dei måla ein set i viltplanen, er det viktig at ”brukarane” av utmarka får kjennskap til innhaldet. Eit informasjonsskriv til alle valdansvarlege minst 1 gong i året, der aktuelle tema vert tekne opp bør vere eit mål. Det vert også lagt ut informasjon på Gulen kommune si heimeside, [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no).